


Sak			
FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR "MEDGARD SØNDRE", MEDGARD SØNDRE, GNR. 24/1 ÅL KOMMUNE, BUSKERUD.			
Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	24.02.88	Brev fra Ål kommune til U.O.	
2	09.03.88	Brev fra fylkeskonservatoren i Buskerud til Ål kommune.	Mulig jernvinne.
3	21.03.88	Brev fra U.O. til Ål kommune.	
4	27.06.88	Brev fra U.O. til Ål kommune.	Ingen fornminner.
5	15.09.88	Eigengodkjenning.	
6	31/1-90	Brev Ål k - U.O.	
7		Utskr. av møteboka Tekn. Hovedubr. 17/10-89	
8		Ditto 17/11-90	
9		Reguleringskart	
10		Øversiktskart m. seg. bed.	
11		Brev U.O. - Ål k	



TORGET 1 - 3570 ÅL
TLF.: 067/81 011

Postnr.:
3709/88

Arkivnr.:
504

Dato:
24.02.1988

ÅL FORMANNSKAP, HER

ÅL HELSE- OG SOSIALUTVAL, HER

ÅL KOMMUNEPLANUTVAL, HER

KULTURUTVALET I ÅL, HER

FRILUFTSNEMNDA I ÅL, 3570 ÅL

VILTNEMNDA I ÅL, 3570 ÅL

HALLINGDAL KRAFTLAG, SONE ÅL, 3570 ÅL

LANDBRUKSNEMNDA I ÅL, HER

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I BUSKERUD, HAUGES GATE 89, 3019 DRAMMEN

FYLKESFRILUFTSNEMNDA I BUSKERUD, HAUGES GATE 89, 3019 DRAMMEN

FYLKESMANNEN I BUSKERUD, MILJØVERNAVD. D.S.

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE, PLAN- OG NÆRINGSKONTORET, D.S.

FYLKESKONSERVATOREN I BUSKERUD, D.S.

KULTURSJEFEN I BUSKERUD, D.S.

UNIVERSITETET I OSLO, OLDSAKSAMLINGA, FREDRIKS GT. 2, 0164 OSLO 1

TELEVERKET, DRAMMEN TELEOMRÅDE, Ø.STRANDGT. 2, 3018 DRAMMEN

INGRID OG KRISTEN SLATTEN, 3570 ÅL

OLAV MEDGARD, 3550 GOL

MAGNE MEDGARD, 3540 NESBYEN

NABO: 38/1 ARNE HOLEPLASS, 3570 ÅL OG 38/2 TORBJØRN BØYGARD, 3570 ÅL

VEDR.: REGULERINGSPLAN "MEDGARD SØNDRE" GNR.24. BNR.1
=====


Etter vedtak i Ål bygningsråd av 17.11.87, sak 179/87 vert ovannemnde planforslag oversendt til uttale.

Evt. merknader ber ein vert sendt til Teknisk hovudutval i Ål INNAN 8. april 88.

VEDLEGG: 1. Utskrift av møtebok for møte i Ål bygn,råd av 17.11.87, sak 179/87
2. Kopi av forslag til reguleringsføresegner.
3. Kopi av reguleringsplanforslag, sist rev. 17.11.87.

Med helsing

Laila Pedersen
Laila Pedersen
ktr.flm.



Utskrift av møtebok

for **ÅL BYGNINGSRÅD.**

i møte den **17. NOVEMBER 1987.**

Av **5** medlemmer var **4** til stades (møtande varamedlemmer medrekna).

SAK 179/87

REGULERINGSPLAN FOR "MEDGARD SØNDRE".

=====

Sakshandsamar: Kjell Kløve

SAKSOPPLYSNINGAR:

Planforslaget vart behandla i bygningsrådet den 4.8.87, sak 103/87. Den vart då sendt attende med krav om reduksjon av antal hytter m.m.

Planen er redusert til fem hytter i tillegg til 3 eksisterande innafor området, og er no i samsvar med uttale frå Al Landbruksnemnd og Buskerud Fylkeslandbruksstyre.

Fellesadkomst er som bygningsrådet påpeikte i sak 103/87 ikkje lagt innafor reguleringsområdet. Før Planen vert stadfesta må det difor leggst fram tinglyst vegrett for den delen av vegen som ligg på annan eigedom.

SAKSHANDSAMAR SI VURDERING.

Vassforsyningsområdet som er innregulert er svært uheldig plassert i høve til hytte nr. 5 med tanke på forureining.

Av den grunn meiner ein at hytte nr. 5 bør flyttast nordvestover til mellom hytte 1 og 2.

Vasskjelda må dessutan undersøkjast med tanke på vasskvalitet.

Parkeringsarealet kan virke noko lite dersom det skal betjene alle hyttene i området. Det kan imidlertid sjå ut som om det er meininga at fellesadkomsten inn i feltet er heilårsveg. Plassen vil i så fall vera stor nok.

Slik som avløpsordningen er skissert i planbeskrivelsen, må det vera ein føresetnad at det ikkje vert lagt inn vatn i hyttene. Dette må takast inn i reguleringsføresegnene. Likeeins må avløpsløyning, biodo eller utedo, takast inn som ein reguleringsbestemmelse.

Magne Medgard har på vegne av seg sjølv og si syster klagd på at dei ikkje er tilstrekkeleg varsla slik som plan- og bygningslova har lagt opp til.

Klagen er retta til planleggaren med kopi til teknisk etat og, er datert 12.10.87.

Ein reknar med at dei er informert, og har fått høve til å uttale seg under planleggingsprosessen. Bygningsrådet kan i alle fall fastslå at dei har fått greie på at planlegging er i gang meir enn 30 dagar før saka vert handsama i rådet.

SAK 179/87 FORTS. SIDE 2.

for

i møte den

Av

medlemer var

til stades (møtande varamedlemer medrekna).

FORTS. SAK 179/87.

SIDE 2.

Ut frå dette gjer ein fylgjande

FRAMLEGG TIL VEDTAK.

Al Bygningsråd godkjenner flatereguleringsplanforslag for "Medgard Søndre" med fylgjande endring:

- Hytte nr.5 vert flytt nordvestover til mellom hytte nr. 1 og 2.
- I reguleringsføresegnene vert det innteke at det ikkje vert tillatt innlagt vatn og at klosettløysing vert utført anten med biodo eller utedo.

Dersom ikkje planleggaren har vesentleg merknader til desse endringane, vert planforslaget utlagt til offentleg ettersyn og sendt berørte grunneigarar/rettighetshavarar, naboar og vedkommande offentlege instanser til uttale.

Vasskjelda for området må godkjennast av helserådet.

Før planen kan stadfestast, må det leggest fram tinglyst vegrett for den del av fellesadkomsten som ligg utanfor reguleringsområdet.


Før utbygging vert godkjent må det utarbeidast bebyggelsesplan.

BYGNINGSRÅDET SITT VEDTAK.

FRAMLEGGET FRÅ SAKSHANDSAMAREN VERT GODKJENT.

Rett utskrift:

Al, den 17. november 1987.



Kjell Kløve
Teknisk sjef

Utskrift til:

- Byggherreservice.
- Håkon Medgard.

2. REGULERINGSBESTEMMELSER :

Reguleringsbestemmelser for eiendommen Medgarden Søndre gnr. 24 bnr. 1 i A1.

Eier: Håkon Medgard.

Området er beliggende rett nord for Asetno.

Planen er utarbeidet av ByggHerreService og datert ved siste korreksjon ..17.11.87.....

Dato for kommunestyrets vedtak.....

Disse reguleringsbestemmelser gjelder for det området som plankartet er vist med reguleringsgrense.

2.1 Området reguleres til følgende formål :

Byggeområde for fritidbebyggelse.

Landbruk.

Felles adkomst med parkering.

2.2 Reguleringsformål :

1. I området skal oppføres hytter.
2. I trafikkområdet eksisterer det en felles adkomstvei, og det skal opparbeides felles parkeringsplass, beregnet for 1,5 biler pr. hytte.

2.3 Andre forhold i reguleringsplan :

1. Bebyggelsen skal oppføres som vist på bebyggelsesplan og med slik møneretning og avstand mellom bygningene som det fremgår av bebyggelsesplanen. Bebyggelsesplan utarbeides senere.
2. Bebyggelsen skal utformes som frittliggende fritidshus i en etasje.

3. Den planlagte bebyggelsen skal tilpasses bebyggelsen i området forøvrig med hensyn til takform, materialbruk og farger. Takform skal være saltak med takvinkel 20 - 25 grader.
4. Gjerder rundt de enkelte hytter bør ikke oppføres.
5. Uthus skal oppføres i samme stil som hytta.
6. Bygningsrådet skal ved behandling av byggemelding ha for øyet at bebyggelsen får god form og materialbehandling, og at bygninger i samme byggeflukt eller gruppe får en harmonisk utforming. Utvendige farger, herunder farge på tak, skal godkjennes av Bygningsrådet.
7. Det er ikke tillatt med innlagt vatn, og klosettløysing blir utført enten med biodo eller utedo.


2.4 Felles bestemmelser :

Mindre vesentlige unntak fra disse bestemmelser kan, når særlige grunner taler for det, tillates av Bygningsrådet innenfor rammen av bestemmelsene i bygningsloven og bygningsvedtektene.

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

postmottak@khm.uio.no



REGULERINGSPLAN ENDRING MED REGULERINGSGRESTEMMESEIER FOR
MEDGARDEN SØNDRE Gnr.24 Bnr 1

REVISJON	DATE	SIGN
1	06.10.87	
2	17.11.87	

BYGGHERRESERVICE

FYLKESKONSERVATOREN I BUSKERUD
DRAMMENS MUSEUM

3000 DRAMMEN

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 000728	11.12.88
SAKSB. POW	ARK. Nr.

TLF. 831512

2

Drammen, den 9.3. 1988

Ål kommune
Teknisk etat

VEDR.: REGULERINGSPLAN "MEDGARD SØNDRE" GNR.24,BNR.1

til brev av 24. februar angående oven nevnte reguleringsplanforslag. Det dreier seg jo om et lite område hvor det ikke er kulturminner av nyere tid.

I dette området skal en imidlertid være oppmerksom på at der vil være spor etter tidligere tiders virksomhet. Navnet "blestermyran" rett nord for området forteller jo sitt klare språk. Her må vi henvise til Universitetets Oldsaksamling som vil foreta vurdering av planen når det blir snøbart. Sannsynligheten for spor etter jernvinna er stor og vil muligens ha innflydelse på plasseringen av de enkelte hytter.

Fylkeskonservatoren har ellers ingen innvending mot planforslaget.

Fylkeskonservatoren
i Buskerud

Geir Helgen

Geir Helgen

Kopi: Fylkeskultursjefen Her.

Universitetets Oldsaksamling.

Kopi til Oldsaksamling

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KOPPI

Ål kommune,
Teknisk etat,
Torget 1,
3570 ÅL.

21. mars 1988.

OSLO.

SAKSBEHANDLER:

3709/88

DERES REF.:

580/88 og 728/88 PON/gi

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR "MEDGARD SØNDRE", GNR. 24, BNR. 1,
ÅL KOMMUNE, BUSKERUD.

Vi viser til Deres forsendelse av 24. februar 1988.

Etter lov om kulturminner av 9. juni 1978, paragraf 9, annet ledd, skal Universitetets Oldsaksamling avgi uttalelse innen 3 måneder. Finner vi at tiltaket berører forninner på en måte som er nevnt i paragraf 3, første ledd, har Universitetets Oldsaksamling rett til å kreve ytterligere frist på inntil 1 måned. Fristen kan forlenges av departementet. Så lenge fristen løper kan tiltaket ikke iverksettes.

Da det ikke er foretatt systematisk registrering av forninner i ovennevnte reguleringsområde, må området først registreres før Universitetets Oldsaksamling kan avgi uttalelse. På grunn av snø, tele og dårlige lysforhold vil det ikke være mulig å foreta registreringen før til våren.

Dersom kommunen ikke kan godta dette, ber vi om å bli varslet. Saken vil så bli sendt Miljøverndepartementet.

Per Oscar Nybruget
forsker

Kopi: Fylkeskonservatoren i Buskerud.

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Ål kommune,
Teknisk etat,
3570 ÅL.

KOPI

OSLO, 27. juni 1988.
SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

3709/88

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)

580/88 og 728/88 PON/gi


FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR "MEDGARD SØNDRE", GNR. 24, BNR.1,
ÅL KOMMUNE, BUSKERUD.

Vi viser til Deres forsendelse av 24. februar 1988 og vårt brev av
21. mars 1988.

Arkeologisk registrering fant sted i planområdet 24 juni d.å..
Det ble ikke funnet forminner. Universitetets Oldsaksamling har
derfor ingen innsigelser mot planforslaget.

Vi vil understreke at dersom det skulle oppdages forminner i marken
i planområdet, skal arbeidet stanses i den utstrekning det kan berøre
forminnene eller deres sikringssoner på fem meter. Melding skal
straks sendes Universitetets Oldsaksamling, jfr. lov om kulturminner
av 9. juni 1978, §8.

Per Oscar Nybruget
forsker



ÅL KOMMUNE
TEKNISK ETAT

TORGET 1 - 3570 ÅL
TLF.: 067/81 011

Postnr.:
4634/88

OLDSAKSAMLING	1
Jnr C02503	20 000 1
SAKSB. PON	ADRESSE:

5

Arkivnr.:
504

Dato:
15.09.1988

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I BUSKERUD
POSTBOKS 1910, 3002 DRAMMEN

VEGSJEFEN I BUSKERUD
POSTBOKS 2265 - STRØMSØ, 3001 DRAMMEN

UNIVERSITETET I OSLO - OLDSAKSAMLINGA
FREDRIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

FYLKESKONSERVATOREN I DRAMMEN
KONNERUDGT. 7, 3045 DRAMMEN

ÅL VILTNEMND
3570 ÅL

ÅL HELSE- OG SOSIALUTVAL, HER

HOVUDUTVAL FOR KULTUR, HER

VEDR.: REGULERINGSPLAN FOR "MEDGARD SØNDRE" GNR. 24, BNR. 1
=====

Vedlagt vert oversendt dokument i forbindelse med eigengodkjenning av
ovannemnde reguleringsplan, godkjent i Ål kommunestyre i k.sak 105/88
av 25.08.88.

- 1 stk. kommunestyrevedtak k.sak 105/88
- 1 stk. av rådmannen sin begrunna innstilling til formannskapet.

Med helsing

Laila Pedersen

Laila Pedersen
ktr.flm.

Vedlegg

K. SAK 88/105

F. SAK 88/259

REGULERINGSPLAN FOR MEDGARD SØNDRE GNR. 24 BNR. 1.

Arkiv 504.

I ekspedisjon av 01.08.88 er denne planen kome frå teknisk etat.

Kopi av dokumentliste, t-sak 129/88 og reguleringsbestemmelser ligg ved. Til formannskapsmedlemmene ligg også ved eit eks. av sjølve planen.


Iflg. opplysning frå teknisk etat, ligg det regulerte areal innafør "fleirbruksområde" 10 i kommuneplanen. Ellers gjev saksutgreiing for t-sak 129/88 ei god innføring i saka. Plankartet er justert i samsvar med tilrådinga av 12/07-88.


Formannskapet blir tilrådd å gjere slikt

FRAMLEGG:

1. Ål kommunestyre eigengodkjenner reguleringsplan for Medgarden Søndre gnr. 24, bnr. 1, sist justert 12. juli 1988.
2. Ål kommunestyre godkjenner reguleringsføresegner dagsett 01.08.88.
3. Føresetnad for vedtaket er at
 - a. hyttetomt gnr. 24/11 blir sikra adkomstveg med tilknytning til fellesvegen som endar ved tomtene gnr. 24/10 og 24/11
 - b. det må liggje føre godkjent bebyggelsesplan før utbyggina av feltet blir sett i gang.

ÅL FORMANNSKAPSKONTOR, den 8. august 1988.


Olav Andersen
rådmann


Sigurd Fløget

UTSKRIFT AV MØTEBOK FOR ÅL FORMANNSKAP i møte 15. august 1988
Sak 259/88

Av 7 medlemmer var 7 tilstades, møtande varamenn medrekna.

Samrøystes framlegg:

Framlegget frå rådmannen vert vedteke.

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for ÅL KOMMUNESTYRE

i møte den 25. august 1988

Av 25 medlemmer var 25 til stades, møtande varamenn medrekna

K.SAK

105/88. **REGULERINGSPLAN FOR MEDGARD SØNDRE GNR. 24, BNR. 1.**

Arkiv 504

Samrøystes vedtak:


1. Al kommunestyre eigengodkjenner reguleringsplan for Medgarden Søndre gnr. 24, bnr. 1, sist justert 12. juli 1988.
2. Al kommunestyre godkjenner reguleringsføresegner dagsett 01.08.88.
3. Føresetnad for vedtaket er at
 - a) hyttetomt gnr. 24/11 blir sikra adkomstveg med tilknytning til fellesvegen som endar ved tomtene gnr. 24/10 og 24/11.
 - b) det må ligge føre godkjent bebyggelsesplan før utbygginga av feltet blir sett i gang.

Rett utskrift, Al formannskapskontor 26. august 1988

Kirsten Sollien
Kirsten Sollien
ktr.flm.

Vert sendt: Håkon Medgard
Byggherreservice, Postboks 180, 3550 Gol
Teknisk etat

Fylkesmannen i Buskerud



ÅL KOMMUNE
TEKNISK ETAT

Universitetet i Oslo

Oldsaksamlingen

1

6


TORGET 1 - 3570 ÅL
TLF.: 067/81 011

Postnr.:
6731/90

Arkivnr.:
504

Dato:
31.01.1990

OFFENTLEGE INSTANSER
BERØRTE PARTER



VEDR.: ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR MEDGARD SØNDRE GNR. 24, BNR. 1.

I samsvar med § 27-1 nr. 2 i plan- og bygningslova og etter vedtak i teknisk hovudutval vert ovannemnde endringsforslag oversendt Dykk til 1. gongs off. uttale.

Reguleringsplan vart tidlegare eigengodkjent i Ål kommunestyre 25.08.88, k.sak 105/88.

Har De nokon merknad som kan ha betydning for planen, ta kontakt med teknisk etat, eller skriv til teknisk hovudutval i Ål INNAN 9. MARS 1990.

VEDLEGG:

1. Teknisk hovudutval, t.sak 183/89 av 17.10.89.
2. Teknisk hovudutval, t.sak 4/90 av 17.01.90.
3. Kart i M 1:5000 med innteikna planavgrensing og påført reg.bestemmelser.
4. Endringsforslag til reg.plan, datert 17.11.89.

Med helsing

Laila Pedersen

Laila Pedersen
ktr. flm.

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 17. oktober 1989

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande varamedlemmer medrekna).

T.SAK 183/89

ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR "MEDGARD SØNDRE"
GNR. 24, BNR. 1 - EIGAR: HAKON MEDGARD
1. gongs behandling

=====

Saksbehandlar: Laila Pedersen

SAKSOPPLYSNINGAR:

Denne planen med tilhøyrande reguleringsføresegner vart eigengodkjent i k.sak 105/88 den 25.08.88.

Tomtene vart godkjent under føresetnad av at det skulle utarbeidast bebyggelsesplan. Under arbeidet med denne kom det fram at tomtene hadde litt uheldig plassering. Dermed fremjar Håkon Medgard no ein ny plan. Denne gongen med ei heilt annan plassering av tomtene, samt ei tomt ekstra. Grunneigaren meiner ein bør få ein best mogeleg attraktiv plassering av tomtene.

Igangsetjing av planarbeidet er lyst ut i samsvar med § 27-1 i plan- og bygningslova.

So langt saksbehandlar kjenner til, har teknisk hovudutval allereie vore på synfaring og sett på dei føreslegne tomteplassingane.

Det var då einigheit om plassering av tomt nr. 1,2,3,4 og 6 kunne tilråast, mens plassering av tomt nr. 5 måtte verta ein annan stad enn føreslege.

SAKSBEHANDLARS VURDERING:

Planavgrensinga er ikkje endra i henhald til den som er godkjent.

Som sagt er tomteplassingane endra, likeeins er det føreslege ny felles køyreveg fram til tomt nr. 1,2,3,4 og 5.

Avkøyring til tomt nr. 6 vert frå felles køyreveg som går fram til dei tre tidlegare fradelte tomtene. Vasskjelde er tidlegare godkjent. Hyttene har ikkje høve til å ha innlagt vatn, og klosettlysing vert anten med biodo eller utedo.

Då forrige planforslag (planforslaget inneheld då søkad om 10 stk. tomter) var utlagt til offentleg ettersyn, kom det inn fleire merknader, men ein vil her kommentere merknadene frå Ål landbruksnemnd/ Buskerud Fylkeslandbruksstyre i sak 161/1987 av 04.05.87:

- Foreliggenede plan vil medføre en meget sterk utnyttning av arealet, og fylkeslandbrukssjefen er ening med landbruksnemnda i at reguleringsplanen ikke kan tilrås slik den foreligger. En revidert plan som omfatter de fem hyttetomtene som ligger nærmest tidligeare fradelt areal kan tilrås.

(Godkjent plan var i samsvar med dei krav som Fylkeslandbruksstyret satte i sak 161/1987).

T.SAK 183/89 FORTS. SIDE 2.

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 17. oktober 1989

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande varamedlemmer medrekna).

FORTS. T.SAK 183/89.

SIDE 2.

Ut frå dette rår ein til at det framlagte planforslaget fyrst vert oversendt Ål landbruksnemnd/Fylkeslandbruksstyre til uttale. Dersom dei då ikkje har innsigelse, vert planforslaget lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn, og sendt alle off. instanser og berørte parter til uttale.

Ein gjer difor fylgjande

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Teknisk hovudutval i Ål rår til at framlagt planforslag med tilhøyrande reguleringsføresegner for del av eigedomen "Medgard Søndre" gnr. 24, bnr. 1, datert 05.09.89 vert oversendt Ål landbruksnemnd/Buskerud Fylkeslandbruksstyre for uttale.

Dersom dei ikkje har innvendingar mot forslaget, vert det så lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn og sendt alle off. instanser og berørte parter til uttale i samsvar med plan- og bygningslova § 27.1 pkt. 2.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Teknisk hovudutval i Ål rår til at framlagt endringsforslag med tilhøyrande reguleringsføresegner for del av eigedomen "Medgard Søndre" gnr. 24, bnr. 1, datert 05.09.89 vert oversendt Ål landbruksnemnd/Buskerud Fylkeslandbruksstyre for uttale.

Dersom dei ikkje har innvendingar mot forslaget, vert det så lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn og sendt alle off. instanser og berørte parter til uttale i samsvar med plan- og bygningslova § 27.1 pkt. 2.

Plassering av tomt nr. 4 og 5 kan ikkje godtakast slik dei ligg føre på kart datert 05.09.89. Dei må flyttast ca. 20 meter mot sør.

Rett utskrift, Ål den 17.10.1989

Laila Pedersen

Laila Pedersen
ktr.flm.

Utskrift går til:

- Håkon Medgard
- Ål landbruksnemnd/
- Buskerud fylkeslandbruksstyre

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 17. JANUAR 1990

Av 7 medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

T.SAK 4/90

ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR MEDGARD SØNDRE
GNR. 24, BNR. 1 - EIGAR: HAKON MEDGARD
2. gongs behandling

=====
Saksbehandlar: Laila Pedersen

SAKSOPPLYSNINGAR:

Endring av denne planen vart behandla på møtet 17.11.89, t.sak 183/89. Der vart det vedteke at planforslaget skulle leggjast ut til 1. gongs offentleg ettersyn, dersom landbruksstyresmaktene ikkje hadde innsigelse.

I ettertid har det vist seg at det er nettopp det landbruksstyresmaktene har. Jfr. vedtak i Fylkelandbruksstyret J.Jnr. 199/89, sak nr. 541/1989, som vedlagt. Dersom ein fremmar dette endra planforslaget, må det stadfestas av Departementet, det vil i praksis si Fylkesmannen i Buskerud.

Ein kan spørja seg sjølv om det er heile prosessen verd å fremme dette forslaget, med så negativ uttale frå landbrukshald. Etter samtale med R. Ekse på landbrukskontoret i Al, har ein den oppfatning at omsøkte areal ikkje har stor landbruksmessig verdi. Ein kan også opplyse at planleggjaren hadde i sin tid samtale med H. Nymoen, dengong saksbehandlar på landbrukskontoret i Al. Han fekk då inntrykk av at grunnen for at Landbruk L3 i tidlegare godkjent plan vart regulert til landbruk, var at det ein gong i framtida kunne verta aktuelt med uteigehytter, og dermed ei aktuell plassering var på dette området. Ut frå det ein veit i dag har søkjaren/eigaren ikkje nokon driftsplan for utleigehytter, og det vert neppe aktuelt foreløpig.

Det planforslaget som vert fremma i dag er mykje meir gjenomtenkt og omarbeida med omsyn til tomteplassering enn det som er godkjent i k.sak 105/88. Ein skal og hugse på at etterspurnad etter tomtene er avhenging av tomtenes plassering i terrenget. Dei bør naturleg nok plasserast "i eit med terrenget". Planforslaget ligg, i kommuneplan for Al, innanfor sone for fritidsbebyggelse. Ei endring av antallet tomter frå 5 godkjente til 6 føreslegne bør det ikkje vera så stor innvending imot.

Ein bør heller ikkje vera redd for at arealet vert snauhogd, slik at hyttene vert altfor synleg. Det kan vel takast med i reguleringsføresegnene eller som ein klausul ved tomtesalg.

Vasskilda har godkjent plassering frå tidlegare plan, og eksisterer pr. i dag med overbygg over brønn. Så langt ein kan sjå, er nok ikkje vasskilda godkjent av Helserådet som ein tidlegare hadde meint. Førre det vert gjeve byggeløyve for fritidsbustad, må det visast til at Helserådet har godkjent vasskilda.

T.SAK 4/90 FORTS. SIDE 2.

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 17. JANUAR 1990

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande varamedlemmer medrekna).

FORTS. T.SAK 4/90.

SIDE 2.

SAKSBEHANDLARS VURDERING:

Saksbehandlar er av den oppfatning at planforslaget bør kunne framkast, slik det no ligg føre. Plassering av tomt nr. 4 og 5 er her endra i.h.t. vedtak i Teknisk hovudutval, t.sak 183/89 av 17.11.89.

Det er opp til hovudutvalet om saka bør behandlast vidare, men eg gjer likevel framlegg om at planforslaget, rev. 17.11.89 vert lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn og sendt alle off. instanser og berørte parter til uttale.

Planforslaget må til stadfesting av Fylkesmannen i Buskerud, då landbruksstyresmaktene har innsigelse.

Ein gjer fylgjande

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Teknisk hovudutval rår til at framlagt endringsforslag til reg.plan for Medgard Søndre gnr. 24, bnr. 1, sist rev. 17.11.89 med tilhøyrande reguleringsføresegner vert lagt ut til 1. gongs off. ettersyn. I samsvar med plan- og bygningslova § 27.1 pkt. 2 vert forslaget m/reguleringsføresegner sendt alle off. instanser og berørte parter til uttale.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Framlegget frå saksbehandlar vert godkjent.

Rett utskrift, Ål den 17.01.1990

Laila Pedersen.

Laila Pedersen
ktr.flm.

Utskrift går til:

- Håkon Medgard
- Off. instanser og berørte parter til uttale.



TEGNFORKLARING



BL. §25. REGULERINGSFORMÅL

- 1. Byggeområder
 - HYTTER
- 2. LANDBRUKSOMRÅDER
 - JORDBRUK/SKOGBRUK
- 7. FELLESONRÅDER
 - FELLES KJØREVEG
 - FELLES PARKERING

EKSISTERENDE EIENDOMSGRENSER
 TOMTEGRENSER

OMRISS AV PLANLAGT BYGG.
 OMRISS AV EKSISTERENDE BYGG.
 VANNKILDE

daa = dekar (1000 m²)
 Ekvidistans 5 m
 MÅLESTOKK 1:1000



STREKSYMBOLER M.V.

- PLANENS BEGRENSING
- GRENSE FOR REGULERINGSFORMÅL
- BYGGEGRENSE MOT VEG

REGULERINGSPLAN MED REGULERINGSBESTEMMELSER FOR
 MEDGARDEN SØNDRE G.nr. 24 B.nr. 1

DATO:
 05.09.89

REVISJONER:
 TOMT NR. 4 OG 5 ENDRA LIT VEDTAK I TEKNISK
 HOVDUTVALG, T.SAK 183/89 AV 17.11.89.

DATO	SIGN
17/11-89	L. Plo

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

- 1. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET OPPSTART FORVÅRSEL
- 2. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET SAKSNR.
- OFFENTLIG ETTERSYN I TIDSROMMET
- 3. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET SAKSNR.
- KOMMUNESTYRETS VEDTAK (EGENGODKJENNING) SAKSNR.
- KUNNGJØRING

PLANEN ER UTARBEIDET AV
 BYGGHERRESERVICE
 V/STEINGRIM LIVGARD, 3540 NESBYEN.

SAK NR.	TEGN. NR.	SAKS



REGULERINGSBESTEMMELSER FOR DEL AV EIENDOMMEN 24/1.

Området reguleres til følgende formål :

1. Byggeområde for fritidbebyggelse.
2. Landbruk.
3. Felles adkomst med parkering.
4. Spesialområde - vasskilde.

Reguleringsformål :

1. I området skal oppføres hytter.
2. Området er avsatt til landbruksformål.
3. I trafikkområdet eksisterer det en felles adkomstvei, og det skal opparbeides en veg til de nye hyttene. Parkering skal skje ved dei enkelte hyttene.
4. Vannkilde. Denne skal sikrast på betryggande måte.

Andre forhold i reguleringsplanen :

1. Bebyggelsen skal oppføres som vist på reguleringsplan og med slik møneretning og avstand mellom bygningene som det fremgår av reguleringsplanen.
2. Det kan tillatast oppført 1 fritidshus på kvar tomt bestående av etasje med ei øvre arealgrense på 110 m² grunnflate inkl. evt. uthus.
3. Den planlagte bebyggelsen skal tilpassas bebyggelsen i området forøvrig med hensyn til takform, materialbruk og farger. Takform skal være saltak med takvinkel 20 - 25 grader.
4. Gjerdar rundt de enkelte hytter skal ikke oppføres.
5. Uthus skal oppføres i samme stil som hytta.
6. Bygningsrådet skal ved behandling av byggemelding ha for øyet at bebyggelsen får god form og materialbehandling, og at bygninger i samme byggeflukt eller gruppe får en harmonisk utforming. Utvendige farger, herunder farge på tak, skal godkjennes av Bygningsrådet.
7. Det er ikke tillatt med innlagt vatn, og klosettøysing blir utført enten med biodo eller utedo.

Felles bestemmelser :

Mindre vesentlige unntak fra disse bestemmelser kan, når særlige grunner talar for det, tillatas av Bygningsrådet innenfor rammen av bestemmelsene i bygningsloven og bygningsvedtektene.

UNIVERSITETET I OSLO

M

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KOPI

Ål kommune,
teknisk etat,
Torget 1,
3570 ÅL.

OSLO, 8. februar 1990.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.: Brev 31.1.90, postnr. 6731/90, arkiv 504

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 421/90 AEC/gi

ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR MEDGARD SØNDRE, GNR. 24, BNR. 1

Universitetets Oldsaksamling syner til brev av 27.6.88.
Me hev ikkje tilleggsmerknader til planen.

Med helsing

Arne Emil Christensen
Leder for Oldsaksamlingens fornminneavdeling